



TRONDHEIM SPORTSFISKERE

Postboks 2952, Sluppen
7438 Trondheim
Bankkto: 0530.44.19255

15.10.04

Hei !

Her er litt meir informasjon om haustens program i Trondheim Sportsfiskere. Vi satsar på to medlemsmøte samt dei faste postane kasting og flugebinding før jul.

Medlemsmøte med Per Thoresen

Haustens første medlemsmøte vert **torsdag 28 oktober kl 1900** med Per Thoresen. Han samlar på gamle fiskesneller produsert i Trondheim, og vil fortelle om historia og utviklinga til desse. Møt opp og høyr kva som har blitt gjort opp igjennom tida på fiskesnellefronten her i byen. Det blir og mogleg å sjå eksempel på nokre av dei ulike snellene.

Dette møtet vert i i Lysbuen kantine på Gløshaugen (SINTEF Energiforskning, Sem Sælandsvei 11), sjå vedlagte kart. Døra er i utgangspunktet låst, men den vil bli holdt opa mellom 1845 og 1900. Etter det vil det bli hengt opp telefonnummer på døra som ein kan ringe for å kome inn.

Medlemsmøte med Pelle Klippinge

Årets andre medlemsmøte blir med forfatternen og fiskaren Pelle Klippinge **torsdag 25 november kl 1900**. Klippinge er frå Påskallavik i sydøstre delen av Sverige, og er kjend frå ei lang rekke artiklar om hovudsakleg lakse og sjøaufiske frå skandinaviske og europeiske tidsskrift. Han er og aktuell med boka "Laksehugg" på det norske markedet og i tillegg til denne har han og gitt ut to bøker om sjøaufiske. Pelle Klippinge har erfaring frå dei fleste delar av verda der det finst laks og sjøaufe, så det er ein rutinert fiskar som besøker oss i november. Han vil halde eit lysbileteforedrag for oss om sjøaufiske i Emån som er heimeelva til Pelle, og om laksefiske i Norge. Det siste betyr at vi høgst sannsynleg får sjå bilete både frå Orkla og Stjørdalselva i løpet av kvelden. I pausa vert det kaffi og kake samt mogleg å vinne ein gevinst eller to i utlodninga.

Dette møtet vert i og i Lysbuen kantine på Gløshaugen (SINTEF Energiforskning, Sem Sælandsvei 11) den **25 november kl 1900**, sjå vedlagte kart. Døra er i utgangspunktet låst, men den vil bli holdt opa mellom 1845 og 1900. Etter det vil det bli hengt opp telefonnummer på døra som ein kan ringe for å kome inn.

Flugebinding

No er tida inne for å ta opp igjen flugebindinga. Første kveld blir tirsdag 19/10 kl 20.00 og så held vi på annankvar tirsdag utover vinteren fram i mot neste sesong. Vi møtest på SINTEF Energiforskning, Sem Sælandsvei 11 (på Gløshaugen, sjå vedlagde kart). Døra er vanlegvis

låst, men frå 19.45 til 2000 vert vil vi sleppe inn folk etterkvart som dei kjem. Det heng og oppslag på døra med telefonnummer slik at ein kan ringe for å få sleppe inn dersom ein dukkar opp etter 2000. Ta med material og utstyr og møt opp, eller kom utan utstyr for ein kopp kaffi og ein flugeprat.

Kastetrening i Nidarøhallen

Minner om kastetreninga i Nidarøhallen. Tidene finn de i tabellen under.

| HALL | DATO | Frå klokka | Til klokka |
|----------------|------------|------------|------------|
| Nidarøhallen A | 14.11.2004 | 1940 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 21.11.2004 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 28.11.2004 | 1920 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 05.12.2004 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 12.12.2004 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 02.01.2005 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 09.01.2005 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 16.01.2005 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 23.01.2005 | 1950 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 30.01.2005 | 1935 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 06.02.2005 | 1940 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 13.02.2005 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 20.02.2005 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 27.02.2005 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 06.03.2005 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 10.04.2005 | 2000 | 2200 |
| Nidarøhallen A | 24.04.2005 | 2000 | 2200 |

Idear til aktivitetar

Til slutt vil eg minne om at styret er alltid interessert i tips og idear til aktivitetar i foreninga. Dette kan vere idear til møter, spennande personar til å halde foredrag, turar, kurs eller andre aktivitetar. Ta kontakt med underteikna eller andre i styret dersom du har eit innspel på dette.

Ta kontakt med underteikna om de har endringar i e-post, vil ha medlemsbrevet på e-post eller har andre problem med distribusjonen av medlemsbrevet.

For styret

Knut Alfredsen

Mob-tlf. : 93205501

E-post. : knut.alfredsen@c2i.net